



Valestiftinga
5451 VALEN

Dato: 29.05.2015
Vår ref.: 2014/23823-4
Saksbehandlar: lisadla
Dykkar ref.:

Svar på brev om veglys langs Fv 48 på Valen, Kvinnherad kommune

Det vert vist til dykkar brev av 4. mars 2015 vedkommande veglys langs Fv 48 på Valen i Kvinnherad kommune. Det vert også vist til svarbrev frå Statens vegvesen Region vest av 23. mars 2015.

Kompleksiteten rundt veglys er stor, - dette gjeld både etablering av nye veglys, og ikkje minst eigarskap, drift og vedlikehald av allereie eksisterande veglys på fylkesvegnettet. Fylkesrådmannen har tidlegare i år gjennom referatsak til samferdselsutvalet (SAMU) gjort greier for at det er trong for å gjerne eit større arbeid for å kartlegge status for veglysanlegga, jf RS 48/2015. Ein del av dette arbeidet er å utarbeide meir tydelege retningslinjer for veglysanlegga langs fylkesvegane. I dette arbeidet er det viktig å ha med seg at føremålet med lys langs vegane primært er å redusere ulukkesrisiko i mørke, altså eit trafikksikringstiltak.

Kartleggingsarbeidet er no inne i oppstartsfasen. Det er mange ulike problemstillingar som skal sjåast nærmare på, men det er klårt at spørsmålet om eigarskap til veglysa langs fylkesvegane er svært relevant i så måte. I tillegg er dette også eit spørsmål om økonomiske råmer for fylkeskommunen.

Hordaland fylkeskommune ser at i saka de omtaler vert mange av dei største problemstillingane som er knytt til veglys konkretisert. Dette gjeld mellom anna overtak av eigarskap, og dernest drift og vedlikehald av anlegget. Korvidt Hordaland fylkeskommune skal overta eigarskapet for desse veglys må, slik Statens vegvesen også seier i sitt svarbrev, verte vurdert saman med andre trafikktryggleikstiltak i Hordaland.

John Martin Jacobsen
leiar

Lise Ådlandsvik
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi:
Statens vegvesen Region vest
Ordførar i Kvinnherad kommune
Kvinnherad kommune